

## **Ærklæring om retting av lovbroter i høve kap 4. Tilsyn.**

*Meland kommune vil frå januar 2016 sikre at tilsynsrapportane i framtida vil inneholde minimum vurderingar om tilhøva i barnehagane, slik at dei er i tråd med krav i lov, forskrift og barneahgen si godkjenning.*

*Dette vil verte innarbeid som fast punkt i tilsynsrapportane.*

*Det vil verte utført kontrollprosedyre av rapportene.*

*Det vil vera to frå tilsynet som gjennomgår rapportane i høve sjekkliste for innhald, før rapportane vert sendt ut.*

**Mvh**

**Mette M.Træland**

**Barnehagefagleg rådgjevar i Meland kommune.**

### **Frist for retting av lovbroter**

Fylkesmannen har i kapitel 4 konstatert praksis som ikkje oppfyller lovkrava.

Etter kommunelova § 60 d skal kommunen ha ein rimeleg frist til å rette på tilhøva.

Fylkesmannen ber om at kommunen innan **1. februar 2016** sender ei erklæring om at det ulovlege forholdet er retta, og ei utgreiing om korleis det er retta.

Dersom forholdet ikkje er retta innan den fastsette rettefristen, vil Fylkesmannen kunne vedta pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil vere eit enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

**Meland kommune må sikre at tilsynsrapportane inneholder eit minimum av vurderingar om tilhøva i barnehagane er i tråd med krav i lov, forskrift og barnehagen si godkjenning**